



Arkivsak 200901250-2
Arkivnr. 552
Saksh. Mørk Karlsen, Per Willy

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

18. – 19.02.2009

HØYRINGSSAK - FRAMLEGG OM NY LOV OM LÆRING UTANFOR DET FORMELLE UTDANNINGSSYSTEMET

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet gjer framlegg om ny lov om læring utanfor det formelle opplæringsssystemet som skal avløysa vaksenopplæringslova av 1976. Lova femna i si tid om det meste av vaksenopplæringsområdet. Sentrale føresegner i lova er avløyst av endringar i tilstøytande lovverk, og har gjort det naudsynt med ei ny regulering om studieforbunda sitt virke.

Framlegget til ny lov gjev forbunda ei rekkje nye mål for aktiviteten som femner om likeverd og demokratibygginge verdiar. Noreg har mange små studieforbund. Departementet ønskjer at forbunda skal ha eit "minimumsnivå", som gjer at dei kan ha god kvalitet i tilboda og verksemd over heile landet. Departementet ønskjer også å vidareføra ordninga der forbunda nyttar dei vidaregåande skulane vederlagsfritt.

Fylkesrådmannen har motteke høyringsbrevet frå Kunnskapsdepartementet den 19.01.2009. Frist for høyring er 23.02.2009. Saka vert soleis lagt fram direkte i fylkesutvalet.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner framlegget til overordna mål for området er konstruktive og vil særleg peika på dei demokratiske og samfunnbyggande verdiane i måla. Studieforbunda har ei viktig rolle i opplæringstiltak som ikkje er bunden av læreplanar på område som kultur, likeverd, deltaking og demokrati. Utvalet vonar studieforbunda vil utvikla ein mangfaldig og brei opplæringsaktivitet tufta på dette grunnlaget og meiner at ei nedre aldersgrense for deltakarar på 14 år er tenleg for å halda fokus på desse oppgåvene.

2. Fylkesutvalet støt departementet sitt ønskje om større einingar og ser dette som ein føresetnad for at forbunda skal kunna utvikla relevante tilbod av god kvalitet. Utvalet går inn for alternativet på 40.000 studietimar i året som ei minimumsgrense for omfanget på det einkilde forbundet sin aktivitet.
3. Fylkesutvalet støt framlegget til namn på lova som greitt fortel om det virkeområdet lova regulerer, og som gjev referansar til Tronutvalet sitt utgreiingsarbeid til grunn for lova.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

- Høyringsbrev med liste over høyringsinstansar
- Høyringsnotat - Framlegg til ny lov om læring utanfor det formelle utdanningssystemet og oppheving av vaksenopplæringslova

1. Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet gjer framlegg om ny lov om læring utanfor det formelle opplæringssystemet som skal avløysa lov om vaksenopplæring av 1976. Den nye lova utvidar formålet i iht den eksisterande vaksenopplæringslova og byggjer i vesentleg grad på innstillinga frå Tonutvalet, ”Studieforbund – læring for livet”, NOU 2007:11.

Vaksenopplæringslova regulerte opphavleg opplæringstiltak særskilt tilrettelagd for vaksne og innførte reglar om godkjenning av opplysningsorganisasjonar i høve til statlege tilskott. Lova sitt virkeområde har over tid blitt redusert m.a. med lov om opplæring av 1998 som regulerar grunnopplæringa for vaksne. Lova fungerer no primært som ei tilskottlov for studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar. Tronutvalet peika på at regelverket har vorte uryddig og modent for revisjon.

Den nye lova er meint å regulera

- studieforbund
- frittstående fjernundervisningsinstitusjonar
- private skular som tilbyr yrkesretta opplæring som ikkje vert gjeve av offentlege vidaregåande skular, jf 6A i lov om private skular med rett til statstilskot (privatskolelova)

Lova trer i kraft, 01.01.2010. Kapittel 4 i lova omhandlar nemnde skular. Kapittelet trer i kraft, 01.07.2010.

2. Sentrale moment i framlegget

Lova omfattar godkjenning av statstilskott og vilkåra for slikt tilskott for studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar og private skular etter kapittel 6A i privatskolelova. Dette er primært vidaregåande skular som gjev yrkesretta opplæring som ikkje vert gjeve ved vidaregåande offentlege skular, td Krokeide videregående skole.

Tron utvalet rekna også folkehøgskulane til målgruppa for den nye lova. Medan departementet, etter ”... en samlet vurdering ...”, vel ikkje å innlemma skulane i lova. Folkehøgskulane vert soleis framleis regulert i eiga lov om folkehøgskular av 12.06.2002.

I det følgjande vil vi primært kommentera tilhøve knytt til studieforbunda ettersom desse er lokalisert i Hordaland, er aktørar innanfor livslang lærling i fylket og brukar av undervisningslokala i dei vidaregåande skulane.

1. Departementet følgjer Tronutvalet sitt framlegg til overordna mål for studieforbunda, jf § 4 vedlegg:
 - Styrka og vedlikehalda demokratiet ved å engasjera og utvikla aktive medborgarar
 - Styrka vaksne sitt høve til å påverka eigen livssituasjon
 - Medverka til inkludering
 - Styrka kulturelt mangfald og deltaking i kulturlivet
 - Motivera og gje tilgang til kunnskap og kompetanse
 - Vera ein sjølvstendig arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod
2. I vilkåra for å gje offentlig godkjenning til studieforbunda peika departementet ma på at, jf § 5 vedlegg:
 - Opplæring skal vera hovudaktiviteten, og at formålet skal vera ideelt og ikkje retta mot økonomisk utbytte, ”... fortjenestefri ...”.

- Forbundet må ha aktivitet over heile landet med regional forankring
 - Kursverksemda må ha eit minimumsnivå
 - Forbundet må ha eit minimum tal medlemsorganisasjonar
3. Departementet foreslår eit 3 delt statstilkott med eit fast og felles grunntilskott, eit opplæringstilskott tilpassa aktivitetsomfanget og eit tilretteleggingstilskott ved særskilt tilpassing av opplæringstilboda. Ein ønskjer samstundes å vidareføra ordninga der studieforbunda vederlagsfritt får nytta offentlege undervisningslokale, jf § 6 vedlegg. Departementet meiner at endringane i lovforslaget medfører, kan gjennomførast innanfor eksisterande budsjettamme, jf punkt 3 vedlegg.

3. Studieforbunda i Hordaland

Studieforbunda i Noreg gjennomførte i 2007 37.125 ulike kurs med om lag 490.000 deltakarar. Oppslutnaden om kurstilboda har vist jamn nedgang over ein 10 års periode, jf SSB. Studieforbunda sin fellesorganisasjonen i Hordaland, VOFO Hordaland, organiserar 15 ulike forbund. I 2007 arrangerte desse forbunda 3334 kurs med til saman 46.586 deltakarar. Nedgangen i talet på kurs og deltakarar frå 2006 ser ut til å vera om lag 4 – 5 %, jf SSB. Dei store forbunda innan vidaregåande eksamensretta kurs i Hordaland er AOF og Folkeuniversitetet. AOF gjennomførte i 2007 48 eksamensretta kurs på vidaregåande nivå med samla 590 deltakarar. Tilsvarende tal for Folkeuniversitetet er 16 kurs med 180 deltakarar. På dette kursområdet har begge dei sentrale forbunda auka aktiviteten siste år, jf SSB. (Den einsskilde deltakar kan gå på fleire kurs. Talet på deltakarar er ikkje identisk med unike personar.)

4. Fylkesrådmannen sine kommentarar til lovframlegget

I omtalen av mål for studieforbunda sin opplæringsaktivitet, peikar departementet på grunnleggande samfunnsverdiar som inkludering, demokrati, og tilgang på kunnskap. Men også spesifikt at studieforbunda skal vera ein sjølvstendig arena for læring og eit supplement til offentlege utdanningstilbod for vaksne, jf § 4 vedlegg. Fylkeskommunane kan nytta studieforbund og andre private leverandørar for å gje vaksne vidaregåande opplæring, jf opplæringslova § 4A-4. Departementet finn grunn til å understreka at fylkeskommunane i desse tilfella har ansvaret for kvaliteten i opplæringa, og for at dei vaksne sine rettar vert oppfylt også når ein har valt studieforbunda som ekstern leverandør av tilboda.

I føresetnadane for å godkjenna studieforbunda, gjer departementet framlegg m.a. om at forbunda må ha verksemd over heile landet, og at kursverksemda må ha eit minimumsnivå, jf § 5 vedlegg. Departementet ber særskilt om høyringsinstansane sitt syn på forbunda sin storleik og kapasitet for å kunne gje relevante opplæringstilbod. Problemstillinga er delvis knytt til kvaliteten i tilboda frå studieforbunda, og dels til framlegget til finansieringsordning. Departementet gjer likeins framlegg om ei tilskottsordning for å stimulera samanslåing av studieforbund. Fylkesrådmannen vil peika på at fylkeskommunen er tent med studieforbund som er tilstades i heile fylket, og som kan utvikla og organisera eit breitt spekter av opplæringstilbod av god kvalitet. Fylkesrådmannen stør soleis departementet sitt ønskje om større einingar og vil gå inn for at minimumsnivået på opplæringsaktiviteten vert sett til 40.000 studietimar i året iht framlegget frå departementet.

Lovframlegget legg opp til ei 3 delt tilskottsordning til studieforbunda. Departementet gjer det vidare klart at ein vil vidareføra ordninga med gratis bruk av offentlege undervisningslokale, jf § 7 vedlegg. Ein ønskjer ikkje å innføra eit alternativt eige tilskott til lokalleige. Fylkeskommunen tilfører soleis studieforbunda driftsøkonomi ved å tilby gratis undervisningslokale. I 2008 betalte Hordaland fylkeskommune kr 430.000,- i tillegg til dei

ordinære driftsbudsjetta til skular som husa kurs i regi av studieforbunda. Midlane går til lys, varme, reinhald og vaktteneste.

Fylkesrådmannen vil understreke at fylkeskommunen ønskjer å stimulera til god utnytting av dei offentlege skulebygga. Fylkesrådmannen er soleis budd på å finansiera meirkostnadane ved den utvida bruken av undervisningslokala, men vil samstundes peika på at forbunda sin bruk av lokale må leggast til tidsrom der skulen sjølv ikkje nyttar lokala til sine primær elevar, lærlingar eller vaksne elevar.

Departementet ønskjer også høyinginstansane sitt syn på ei nedre aldersgrense for å utløysa tilskott. Denne er i dag på 14 år og gjeld studiearbeid, som er skilt frå opplæring på grunnskule og vidaregåande skule der aldersgrensa er høvesvis 16 år og 18 år, jf forskrift om vaksenopplæring kap 8. Tronutvalet gjekk inn for å oppretthalda den nedre aldersgrensa på 14 år og peika m.a. på at det var viktig at studieforbunda vart vidareført som vaksenopplæringsinstitusjonar. Utvalet peika samstundes på at forbunda skulle ha høve til å utvikla tilbod på tvers av generasjonane (generasjonslæring) og direkte mot målgruppa ungdom.

Fylkesrådmannen vil tilrå noverande ordning med ei nedre aldersgrense på 14 år vert vidareført.

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H og KrF fram slikt forslag:

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner framlegget til overordna mål for området er konstruktive og vil særleg peika på dei demokratiske og samfunnbyggande verdiane i måla. Studieforbunda har ei viktig rolle i opplæringstiltak som ikkje er bunden av læreplanar på område som kultur, likeverd, deltaking og demokrati. Utvalet vonar studieforbunda vil utvikla ein mangfaldig og brei opplæringsaktivitet tufta på dette grunnlaget og meiner at ei nedre aldersgrense for deltakarar på 14 år er tenleg for å halda fokus på desse oppgåvene.
2. Fylkesutvalet stør ikkje departementet sitt ønskje om større einingar, og går såleis i mot høgare minimumsgrense for omfanget på det einskilde forbundet sin aktivitet.
2. Fylkesutvalet stør framlegget til namn på lova som greitt fortel om det virkeområdet lova regulerer, og som gjev referansar til Tronutvalet sitt utgreiingsarbeid til grunn for lova.

Røysting

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 11 røyster mot 4 røyster (A) for fylkesrådmannen sitt forslag.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner framlegget til overordna mål for området er konstruktive og vil særleg peika på dei demokratiske og samfunnbyggande verdiane i måla. Studieforbunda har ei viktig rolle i opplæringstiltak som ikkje er bunden av læreplanar på område som kultur, likeverd, deltaking og demokrati. Utvalet vonar studieforbunda vil utvikla ein mangfaldig og brei opplæringsaktivitet tufta på dette grunnlaget og meiner at ei nedre aldersgrense for deltakarar på 14 år er tenleg for å halda fokus på desse oppgåvene.
2. Fylkesutvalet stør ikkje departementet sitt ønskje om større einingar, og går såleis i mot høgare minimumsgrense for omfanget på det einskilde forbundet sin aktivitet.
2. Fylkesutvalet stør framlegget til namn på lova som greitt fortel om det virkeområdet lova regulerer, og som gjev referansar til Tronutvalet sitt utgreiingsarbeid til grunn for lova.